



Bjarne Lilleaas har motteke sigersbeviset i fjor. Dommartrioen til venstre.

**Kvinnheringen med Aasmund Taarn Sande som pådrivar er i ferd med å gjera det dei kallar årets kulturelle høgdepunkt til ein tradisjon. Laurdag 10. desember skal avisa for tredje gongen arrangera Kvinnheradmeisterskapen i bryggjing av juleøl og som i fjor vil tilskipinga gå føre seg i Dønhaugkjedlaren som er basen for Humlepungen Bryggjarlag.**

**Både i fjor og i forfjor vann dei 9 flinke uskedelingane - kan dei gjera det igjen? Første meisterskapen var i Olaløo i Sunndal.**

Det blir presisert at juleøltevinga blir ein del av eit omfattande program og det skal vi koma attende til. I denne omgangen er det viktigast å ordna påmelding og få svar på eventuelle spørsmål ved å ringa til 950 33 776 eller 53 48 21 47 eller bruka epost til Sande på [aasmund@kvinnheringen.no](mailto:aasmund@kvinnheringen.no)

I fjor var meisterskapen ein knallsuksess med 7 deltakarar som leverte inn 12 ølsortar av gjennomgåande høg standard. Heimelaget vann med ein sort dei hadde kalla blendet - altså blanda og dommartrioen var svært begeistra for ølet som var bryggja vel ein månad tidlegare. Dei avgjorde tevlinga med ein blindtest i eit lukka rom og starta smakinga 2 timar før arrangementet.

I fjor stilte Humlepungen sogar med eige orkester som eit topp-punkt i det velregisserte programmet som rundt 60 overvar. Det er all grunn til å tro at tilskipinga blir eit høgdepunkt også i år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Avkroken var med i fjor og hadde også kunstnarleg underhaldning